

Sunnfjord BOBY v/ Philip Dixon Sandberg

 Markegata 11
 6905 FLORØ

Dato
 LEIKANGER, 07.03.2018

Svar - søknad om tilskot - prosjekt : Ope temamøte i Sunnfjord BOBY

Vi viser til søknad motteke 21.02.2018. Der søker de om 10 000 kr til prosjektet «Ope temamøte i Sunnfjord BOBY». Prosjektet skal arrangere temamøte for å løfte samfunnsdebatten og skape ein god arena for diskusjon kring samfunnsutvikling.

Vi tykkjer prosjektet er interessant, men vurderer søknaden til å ikkje treffe heilt med dei føringane vi har for bruk av verkemiddel innanfor næringsutvikling. Dermed har vi ikkje funne rom til å støtte søknaden dykkar. De får difor avslag på søknaden dykkar om tilskot til prosjektet «Ope temamøte i Sunnfjord BOBY».

De har høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Med helsing

 Endre Høgalmen
 Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

 Anne Silje Sylvarnes
 førstekonsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
 Klageskjema

Mottakar (ar)
 Sunnfjord BOBY v/ Philip Dixon Sandberg Markegata 11 6905 FLORØ

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

1	Namnet på forvaltningsorganet/underinstans:	
2	Mottakar/part:	
3	Klageinstans:	
4	Dato for utsendt vedtak:	
5	Adresse for innsending av klage:	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, eller postmottak.sentraladm@sfj.no

Du har rett til å klage over vedtaket.

Du kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal fyrst handsamast av underinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde vedtaket det vert klaga på (jf. rubrikk 1). Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følge av klaga, vil klaga bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, ber vi deg oppgje når du fekk denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har du særleg grunn til det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga. Du bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom du ikkje har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt du får grunngjevinga.

I klaga skal du skriva kva for eit vedtak du klagar på, og nemne den eller dei endringane som du ønskjer. Du skal også grunngje kvifor du klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når klaga skal vurderast.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. Du kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Du må i så fall vende deg til det forvaltningsorganet som har sendt deg denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan du også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis du skal gå fram når du klagar og om reglane for sakshandsamingar elles.